



KOPI

Øyvind Hosøy  
Markanaset 66  
5251 SØREIDGREND

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 20/2473 - 20/10679

Saksbehandlar:  
Anne Lise Molvik  
anne.lise.molvik@alver.kommune.no

Dato:  
26.02.2020

## Førebels svar med trong for tilleggsdokumentasjon - gbnr 11/84 Hølleland

### Tiltak:

**Byggjestad:** Gbnr. 11/84

### Tiltakshavar:

### Ansvarleg søkjar:

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad. Vi beklagar sein tilbakemelding. Dette skuldast overgang til ny kommune.

Det er i søknaden opplyst at det kan vera aktuelt å endra plassering av anleggshus noko i forhold til gitt rammeløyve og at tilbygg og anleggshus skal førast opp i nytt laftesystem som berre vil bli kledd utvendig.

Søknaden om igangsetjingsløyve vil verta handsama ut frå det som er godkjend i rammeløyvet. Endringar i tiltaket krev søknad om endring av gitt løyve. Når det gjeld opplysningar om byggjemåte for tilbygg og anleggshus legg vi til grunn at krav i TEK 17 er oppfylt.

Vi ser at teikningsdokumentasjon er send inn på ny. Kommunen legg til grunn at dette er kopiar av tidlegare innsend og godkjend dokumentasjon i tråd med rammeløyvet.

### Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

- Ansvarsrett

Det ligg ikkje føre ansvarsrett for prosjektering av avløpsanlegg. Føretaket Vest VVS AS sin ansvarsrett gjeld berre utføring av arbeidet. Vi kan ikkje gje igangsetjingsløyve før nødvendig ansvarsrettar for prosjektering av avløpsanlegget ligg føre.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan **25.03.2020**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

### **Sakshandsamingsfrist**

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

### **Gebyr**

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing  
Alver kommune

Marianne Aadland Sandvik  
Avdelingsleiar

Anne Lise Molvik  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### **Kopi til:**

Øyvind Hosøy

Markaneset 66

5251

SØREIDGREND

### **Mottakarar:**

Øyvind Hosøy

Markaneset 66

5251

SØREIDGREND